

# Sandøy kommune

## Møteinnkalling

**Utval:** Rådet for likestilling av funksjonshemma

**Møtestad:** Kommunestyresalen, Sandøy rådhus

**Dato:** 10.05.2011

**Tid:** 11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. Er nokon inhabile i ei sak, må det meldast frå om dette. Vararepresentantar møter etter nærmare melding.


### SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 11/1	Årsmelding for Sandøy kommune - 2010

Diverse orienteringssaker.

Harøy, 03.05.2011

LEIAREN



Dato: 03.05.2011  
Arkivref: 2011/83-0 / 210

Saksbeh.: Lasse Larsson Fjørtoft

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
11/1	Rådet for likestilling av funksjonshemma	10.05.2011

## Årsmelding for Sandøy kommune - 2010

Vedlegg:

- 1) Årsmelding 2010 – Sandøy kommune
- 2) Årsmelding frå rammeområda

### Framlegg til vedtak:

Rådet for likestilling av funksjonshemma tek Sandøy kommune si årsmelding 2010 til vitande.

## SAKSUTGREIING

### BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

At rådmannen skal utarbeide ei årsmelding om kommunen si drift, sin aktivitet og økonomi er heimla både i Kommunelova § 48, pkt. 5, og Sandøy kommune sitt økonomireglement. Meldinga skal kvart år leggest fram for kommunestyret til handsaming, seinast innan utgangen av juni.

Kva som skal vektleggast er særleg beskrive i økonomireglementet. Det politiske systemet har vedteke at meldinga skal vere avviksorientert, det vil seie, å rette fokus mot forholdet mellom dei vedtekne økonomiske rammene/budsjettet og rekneskapen, mellom kommunen sine handlingsplanar og oppnådde resultat.

Meldinga er tufta på to dokument, ei som kvar einingsleiar skriv til rådmannen om sine forvaltnings- og ansvarsområde. Disse vert lagt til grunn for ei meir samanfatta, overordna melding som rådmannen har ført i pennen, og som omfattar ei vurdering av drifta i heile organisasjonen, eit tilbakeblikk på ulike hendingar og aspekt ved kommunesamfunnet i året som har gått, samt eit knippe tankar og refleksjonar om den nære og litt meir fjerne framtida. Denne er per definisjon hovudmeldinga.

### VURDERING

Årsmeldinga er eit omfattande dokument som skal gi eit tilbakeblikk og innsyn i korleis kommunen som bedrift og samfunnsbyggjar har blitt drifta gjennom eit arbeidsår. Samtidig fungerer som eit korrektiv for framtidig planlegging.

Rådet for likestilling av funksjonshemma har sjølvsagt rett til å uttale seg om alle områda årsmeldinga omhandlar. Ein uttale vil få status som vedlegg i saka som vert lagt fram for kommunestyret.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen rår til at årsmeldinga for driftsåret 2010 vert teke til vitande

Lasse Larsson Fjørtoft  
rådmann

Utskrift:  
Sandøy kommunestyre